



Haugen VVA AS  
Fabrikkgaten 7B  
5059 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3634 - 16/32382

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
25.11.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon- vassleidning Kleivdal - Fammestad - gbnr 206/1 m fl

Kommunen stadfestar å ha motteke søknaden om rammeløyve for kommunal vassleidning.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Dispensasjonssøknad

Det må sendast inn døknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen for den delen av leidningen som ikkje vert lagt i vatn. Dispensasjonssøknad skal grunngjevast.

### Nabovarsling

Dispensasjonssøknad skal nabovarslast. I denne saka kan vi godta at dei tidlegare utsende nabovarsla vert supplert ved utsending av eit vanleg brev med kopi av dispensasjonssøknaden til dei berørte grunneigarane.

### Vurdering av naturmangfald

for heile trasèen på land og i vassdrag må leggst ved dispensasjonssøknaden, tilsvarande som det vart gjort for vassleidningen frå Sjurset til Mongstad/Litlås. Det vil vera nødvendig for kunna handsama søknaden utan å gå vegen om reguleringsplan.

### Opplysningar om anlegget

Vidare treng vi litt meir opplysningar om anlegget:

- Dimensjonar, total lengde lengde på kvar del i vatn , på land og i fjell.
- Korleis arbeidet skal utførast,
- etterarbeid, opprydding, tilbakeføring

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 31.12.2016**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Haugen VVA AS  
Lindas kommune

Fabrikkgaten 7B 5059  
Kvernhusmyrane 5914  
20

BERGEN  
ISDALSTØ